



Halne Fjellstugu AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Øistein Aasland, 5557 2322

## Løyve til å etablere avlaupsanlegg ved Halne Fjellstugu på gnr. 33, bnr. 2, festenr. 1 i Eidfjord kommune innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde

**Statsforvaltaren i Vestland gjev Halne Fjellstugu AS løyve til å etablere avlaupsanlegg ved Halne Fjellstugu på gnr. 33, bnr. 2, festenr. 1 i Eidfjord kommune innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde.**

**Løyve er gitt i medhald av § 48 i Naturmangfaldlova.**

### **Det er sett vilkår til løyve.**

Vi viser til brev frå Eidfjord kommune, datert 5. juli 2021 der søknaden (datert 24. februar 2021) om løyve til å etablere reinseanlegg ved Halne Fjellstugu AS ligg ved, samt vedlegg til søknaden. Det vart halde ei synfaring på staden den 16. juni, der representantar frå Halne Fjellstugu AS, Eidfjord kommune og Statsforvaltaren var til stades. Vi viser og til saksdokumenta.

### **Bakgrunn**

Halne Fjellstugu AS er ei privateigd turisthytte og spisestad som ligg ved Rv7 ved Halnefjorden. Halne Fjellstove vart bygd i 1933 og har sidan den gong vore ei fjellstove / turisthytte med servering for vegfarande og gjester. Dagens eigarar Geirmund Tormodsgard og Ingar Dalen kjøpte Halne Fjellstugu i 2016.

Halne Fjellstugu AS søker om bygging av nytt avlaupsanlegg av typen Wallax for 95 personeiningar. Dette er same type reinseanlegg som er installert på Sandhaug turisthytte i 2011 og Besso turisthytte i 2021. Begge desse ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Avlaupsanlegget vil bli etablert i området mellom Rv7 og brygga og nausta ved Halnefjorden. Avlaupsanlegget skal erstatte eksisterande avlaupsanlegg. Det er gitt pålegg frå Eidfjord kommune om at det gamle avlaupsanlegget må utfasast. Det er søkt om utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn i Halnefjorden. Det er Eidfjord kommune som handsamar dette utsleppsløyvet.



## Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren viser til verneforskrifta for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og til *Forvaltningsplan for Hardangervidda nasjonalpark med landskapsvernområde* (godkjent i 2011).

I følgje § 4.1 i verneforskrifta for Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde skal landskapet vera verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag. Det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under nokon av dei føremåla verneforskrifta viser til i § 4.1.3 om kva forvaltnings-myndigheita i samråd med kulturstyresmaktene kan gje løyve til. Søknaden må såleis vurderast etter unntak som no er etter § 48 i Naturmangfaldlova.

Statsforvaltaren meiner det er viktig å få eit avlaupsanlegg som fungerer og tilfredsstiller dagens krav til reining ved ei så stor turisthytte og serveringsstad som Halne Fjellstugu er. Det er tydeleg at det eksisterande avlaupsanlegget ikkje fungerer, og at det er eit forureinings- og luktpproblem her. Vi meiner at ei løysing med Wallax avlaupsreinseanlegg tilfredsstiller dei krav som vert sett til eit slikt anlegg.

Saka har vore sendt på høyring til Tilsynsutvalet i Vestland – for Hardangervidda nasjonalpark, Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet og Vestland fylkeskommune.

Tilsynsutvalet i Vestland – for Hardangervidda nasjonalpark har gitt sakshandsamaren i Eidfjord kommune tilbakemelding av at dei ikkje vil kome med uttale til saka. Tilsynsutvalet skal ikkje samlast før i oktober, og kjem då til å ha dette oppe som ei informasjonssak.

Det same gjeld for Villreinnemnda. Dei har meldt i frå til kommunen at dei ikkje vil komea med noko uttale i denne saka.

Vestland fylkeskommune har kome med ein uttale til saka i brev av 20. august 2021, der dei konkluderer på følgjande måte:

«*Saka gjeld nedlegging av nytt avløpsanlegg til Halne fjellstue. I området kring den omsøkte traséen er det ut frå våre arkiv ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Ettersom store delar av området mellom riksvegen og Halnefjorden er undersøkt frå før, særleg i samband med reguleringsplanen frå 1999 for naust, serviceanlegg og parkeringsplass, blir dei aktuelle areala vurdert til ikkje å ha stort potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka.*

*Vi har difor ingen vidare merknader til det omsøkte tiltaket, men gjer likevel merksam på meldeplikta til tiltakshavar og entreprenør: «Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint, flekkar med trekol, eller konstruksjonar/steinsettingar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn (jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd)».*

Søknaden om etablering av reinseanlegg på Halne Fjellstugu AS, er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Statsforvaltaren meiner vi har eit relativt godt kunnskapsgrunnlag i denne saka gjennom søknaden og ein synfaring vi var med på den 16. juni 2021. Det er viktig at Halne Fjellstugu får på plass eit avlaupsanlegg som tilfredsstiller dagens krav, og gjer at avløpet frå kjøkken og heile hytteamlegget vert reinska på ein god måte. Vi kan ikkje sjå at verneinteressene vert råka i negativ retning då heile anlegget vert grave ned i bakken.

§ 9 føre-var-prinsippet: Slik vi ser det vil det ikkje være fare for at det omsøkte anleggsarbeidet eller utslepp frå reinseanlegget vil ha ukjende, store negative konsekvensar for verneverdiane. Etablering av eit nytt avlaupsanlegg på Halne vil snarare føre til ein forbetring av utsleppstilhøva i området.



§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Vi kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil auke den samla belastninga for området. Det ikkje tale om å auke overnattingskapasiteten på Halne Fjellstugu, berre ein oppgradering og forbetring av eksisterande anlegg. Installering av nytt reinseanlegg vil gje ei klår forbetring i høve til dagens utslepp.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vi ser at søkeren har valt ein seriøs og godt etablert leverandør for reinseanlegget, som fører eit velutprøva utstyr. Og det er ein føresetnad at det vert ført tilfredsstillande kontroll og dokumentasjon av utsleppet. Utsleppsløyve vert handsama som eiga sak i kommunen.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Vi meiner det valde reinseanlegget og teknologien bak dette er ein god måte å reinse utsleppa frå Halne Fjellstugu på. Det er særsviktig at anlegget vert drifta og kontrollert på ein slik måte at det ikkje oppstår uheldige utslepp.

## Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev Halne Fjellstugu AS løyve til å etablere avlaupsanlegg ved Halne Fjellstugu på gnr. 33, bnr. 2, festenr. 1 i Eidfjord kommune innanfor Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde.

Løyve er gitt i medhald av § 48 i Naturmangfaldlova.

Det vert sett følgjande vilkår til løyvet:

- Avlaupsanlegget skal etablerast slik det er skildra i søknaden og dei reviderte planane for anlegget, samt slik det teikna inn på *Situasjonsplan renseanlegg Halne Fjellstugu*, datert 24. mai 2021.
- Det skal nyttast eit mekanisk/kjemisk reinseanlegg av typen Wallax. Sjølve reinseanlegget og tankane skal gravast ned der det er teikna inn i Situasjonsplan, datert 24. mai 2021 – mellom Rv7 og nausta nede ved Halnefjorden. Det kan leggjast leidning for avlaupsvatnet frå reinseanlegget og ut i Halnefjorden.
- Alle synlege sår i terrenget etter arbeid med avlaupsanlegget skal planerast og setjast tilbake til så nær opphavleg terrenge som mogleg. Røyr og grøfter frå det eksisterande reinseanlegget må pluggast igjen, men kan bli liggjande i bakken der det ikkje er i vegen for det nye anlegget.
- Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint, flekkar med trekol, eller konstruksjonar/steinsettingar) vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn (jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd).
- Utsleppsløyve frå reinseanlegget må godkjennast i eiga sak av Eidfjord kommune.
- Gravarbeid skal vere avslutta og plassen rydda innan 1. oktober 2024.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av part i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker etter at ein er kjent med vedtaket. Klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren kan også gi opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Stein Byrkjeland  
fagdirektør

Øistein Aasland  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:  
Eidfjord kommune  
Eidfjord fjellstyre  
Statskog SF  
Tilsynsutvalet i Vestland - for Hardangervidda nasjonalpark  
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet  
Vestland fylkeskommune  
SNO Rosendal  
Miljødirektoratet